



LINDÅS KOMMUNE

Arealplan
Besøksadresse:
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref. Sakshandsamar:
Christian Hagerup
Reinshol

Vår ref. Telefon
2013/3200 - 0 -
1084/2014

Arkivkode: Dato:
T10 15.01.2014

Høyringsuttale til NVE si tilråding til trasé for 420 kV kraftleidning Modalen-Mongstad

Lindås kommune viser til NVE si tilråding til trasé for den omsøkte 420 kV kraftleidninga mellom Modalen og Mongstad. Kommunen er positiv til at traséalternativ 3.4b vert vald for strekket mellom ny transformatorstasjon og Fensfjorden.

Når det gjeld uforminga av traseen vil kommunen peike på at ein bør velje dei mastetypane som vil gje minst mogleg innverknad på kringliggjande næringsareal, spesielt i på siste strekket opp mot transformatorstasjonen, der traseen vil gå gjennom næringsareal. Det vil også i dette området i framtida kunne føregå transport med større køyretøy som krev mykje areal, og kommunen vil be om at det vert teke omsyn til dette i den endelege utforminga av traseen. Det vil også vere sentralt at kraftlinene ikkje kjem i konflikt med framtidig trafikk i krysset frå sambindingsvegen og inn til «Mongstad Vekst-området» og BoH hamna der.

Når det gjeld landtaket så vil det vere ei føremon om det kan nyttast løysningar som gjer at framtidig potensielt kaiareal ikkje går tapt. Om ein kan nytte borehol for å oppnå dette, vil dette vere særst positivt. Det er viktig for framtidig utvikling av Mongstad som hamneområde at det ikkje vert beslaglagt for mykje areal i høve etableringa av kraftlina. Me ber om at det vert teke omsyn til dette i den endelege utforminga av traseen.

Med helsing


May Eva Sandvik
ordfører


Christian Hagerup Reinshol
rådgjevar

Kopi til:
Austrheim kommune
Masfjorden kommune

5943 Austrheim
5981 Masfjordnes

